

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

SAK 21/24
REGULERING AV FISKET ETTER NORDSJØSILD
INNSPEL FRÅ PELAGISK FORENING

Pelagisk Forening meiner at gjeldande regulering, i det alt vesentlege, bør vidareførast for 2024.

Pelagisk Forening er uroa over bestandsituasjonen. Fiskerimyndigheitene bør vurderer om minstemålet skal aukast.

Det bør òg vurderast om flexen bør aukast.

Kvotefordelinga, mellom dei ulike fartøya, må vera klar frå nyttår. Det same gjeld eventuell soneadgang i UK.

Per 11.10. er det ikkje inngått avtale, mellom Noreg og UK, om soneadgang, for 2025. Der- som det blir inngått ein slik avtale før nyttår må fordelinga mellom fartøya vera klar frå nyttår. Dette er viktig då det er fleire båtar som fiskar nordsjøsild i januar.

Eventuell fordeling bør skje etter gjeldande fordelingsnøklar.

Direktoratet bør vurderer tiltak for å unngå kappfiske på eventuell delkvoteeining i UK, og påføljande stenging til ulempe for enkelte fartøy.

Pelagisk Forening ber òg om at eventuell soneadgang i UK blir fordelt, på fartøynivå, alt frå 1.1.24.

Pelagisk Forening meiner at reguleringsmodellen som har vore dei siste åra har fungert godt.

Bergen: 11.10.24.

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar